



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Olav Overvoll, 5557 2315

Vår dato
31.10.2018
Dykkar dato
01.08.2018

Vår referanse
2018/9751 433.2
Dykkar referanse

Nortømmer AS v/Normann Sæbø
Sæbøvågen 26
5938 SÆBØVÅGEN

Avslag på søknad om utplanting av sitkagran på gnr. 87 bnr. 1 i Radøy kommune

Vi viser til søknad journalført hos oss 1. september 2018 om utplanting av sitkagran på gnr. 87 bnr. 1 i Radøy kommune.

Normann Sæbø søkte også om løyve til planting av sitkagran i same område i 2015, jf. søknad av 5. januar 2015, men fekk avslag.

Den nye søknaden omfattar same område som i 2015, men eit areal med beitemark er utelatt frå omsøkt planteareal, slik at arealet no berre omfattar areal der det tidlegare har stått sitkagran. Ved at området med beitemark er utelatt er omsøkt planteareal redusert frå ca. 75 dekar til ca. 50 dekar (sjå figur under).



Figuren viser omsøkt areal for planting av sitkagran – omsøkt areal 2015 til venstre og omsøkt areal 2018 til høgre. Omsøkt areal i 2015 var ca. 75 dekar og omsøkt areal i 2018 ca. 50 dekar. På flyfoto ser ein godt omfanget av eksisterande planteskog med gran og sitkagran.

Saksgang og vurdering av søknad 2015

Søknaden i 2015 vart avslått av Fylkesmannen etter behandling etter *forskrift av 25. mai 2012 nr. 460 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål*, og etter naturmangfaldlova, jf. brev frå Fylkesmannen datert 19. februar 2015. I avslaget er det lagt stor vekt på fare for spreiing av sitkagran til omgjevnadane og på samla belastning, jf. § 10 i naturmangfaldlova.

Avslaget vart påklaga av søker den 26. februar 2015. På grunnlag av dette vurderte Fylkesmannen saka på nytt, mellom anna etter synfaring i området. I oversendingsbrevet til Miljødirektoratet, datert 17. april 2015, skriv Fylkesmannen at saka er eit tvilstilfelle, men vel likevel å halde fast ved sitt opphavlege vedtak. Fylkesmannen sitt vedtak vart stadfest av Miljødirektoratet den 7. juli 2015.

Det sentrale momentet i det endelige avslaget frå Miljødirektoratet var fare for spreiing av sitkagran til naturen rundt. *«I avveiningen mot andre viktige samfunnsinteresser vurderer direktoratet at hensynet til biologisk mangfold, herunder til ivaretakelse av verdifulle naturtyper, først og fremst naturbeitemarker, bør tillegges større vekt i denne saken enn hensynet til en eventuell økt skogproduksjon.»*

Fylkesmannen si vurdering av den nye søknaden

Bortsett frå at eit areal med beitemark er utelatt frå omsøkt planteareal, og at plantearealet dermed er redusert frå ca. 75 dekar til ca. 50 dekar, ser vi ingen vesentlege endringar i den nye søknaden samanlikna med søknaden frå 2015. Vi kan ikkje sjå at den nye søknaden i vesentleg grad endrar dei argumenta som vart vektlagt i avslaget på søknaden av 2015.

Sjølv om arealet med beitemark er utelatt frå omsøkt planteareal, og utplantinga no berre skal skje på eit areal der det tidlegare har stått planteskog med sitkagran, vurderer vi framleis at den samla belastinga frå sitkagran i området allereie er stor, og at ulempene for biologisk mangfald ved utplanting av sitkagran er større enn den skogbruksmessige fordelen.

Vedtak

Vi kan ikkje sjå at den nye søknaden om utsetting av sitkagran på gnr. 87 bnr. 1 i Radøy kommune skil seg vesentleg frå tilsvarande søknad i 2015, som vart avslått av oss og endelig stadfest av Miljødirektoratet. På bakgrunn av dette blir også søknaden av 2018 avslått.

Klagerett

De kan klage på vedtaket innan tre veker, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klaga skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Fylkesmannen i Hordaland, jf. forvaltningslova § 32.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Radøy kommune Radøyvegen 1690 5936 Manger
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM